



KVINNHERAD
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

Vår ref.: 2020/1470-5

Dato: 28.06.2020

Til: Grete Solheim

Frå: Bente Høyland

Særutskrift - Marknadsføringstiltak reiseliv innstilling

Formannskapet hadde saka føre i møte 18.06.2020 som sak 2020/55.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

Saksbehandlar

2020/1470-4

Grete Solheim

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2020/55	Formannskapet	18.06.2020

Marknadsføringstiltak reiseliv innstilling 2

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kr 250 000 vert belasta formannskapets disposisjonspost og vert fordelt slik:

1. kr 25 000 til Husnes Vekst/Husnes grendalag, profilering av Husnes regionsenter med bl.a. Sunnhordlands største handlesenter
2. kr 25 000 til Sæbøvik Hamn, fremme turistutvikling på øya
3. kr 25 000 til Visit Rosendal, utvikling av pakkar med sikte på å utvide driftssesongen
4. kr 25 000 til Uskedal Utvikling, oppgradering av nettsida uskedalen.no til nyare teknologi.

Behandling i Formannskapet den 18.06.2020

Nytt framsett forslag frå Hilde Enstad, Ap:

Nytt pkt.5: kr.150000,- vert nytta til å styrke budsjettet til turistinformasjonen.

Røysting: Kommunedirektøren si innstilling, med nytt framsett forslag frå H.Enstad, vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 18.06.2020

Kr 250 000 vert belasta formannskapets disposisjonspost og vert fordelt slik:

1. **kr 25 000 til Husnes Vekst/Husnes grendalag, profilering av Husnes regionsenter med bl.a. Sunnhordlands største handlesenter**
2. **kr 25 000 til Sæbøvik Hamn, fremme turistutvikling på øya**
3. **kr 25 000 til Visit Rosendal, utvikling av pakkar med sikte på å utvide driftssesongen**
4. **kr 25 000 til Uskedal Utvikling, oppgradering av nettsida uskedalen.no til nyare teknologi.**
5. **kr 150000 vert nytta til å styrke budsjettet til turistinformasjonen.**

Samandrag/Oppsummering

Dei initiativa som er komen inn etter at kommunestyret vedtok å styrke formannskapet sin disposisjonspost er gode initiativ som alle kan bidra til å styrke reiselivet i Kvinnherad.

Kommunedirektøren innstiller på å støtte med eit beløp som er godt under søknadssummen, men som likevel kan bidra godt til realisering av prosjekta. Det beløpet som ein her innstiller på å gje som tilskot vil ikkje kunne finansiere prosjekta i sin heilskap, men danne grunnlag for noko aktivitet hos aktørane og som saman med eigen innsats og andre bidrag kan medverke til å styrke Kvinnherad som reiselivsdestinasjon.

Restsum kr 150 000 innstiller kommunedirektør på å nytta til å styrke budsjettet til turistinformasjonen i Kvinnherad. Her har ein allereie fått auka tilskotet. Kommunedirektøren foreslår likevel å overføre kr 150 000 til turistinformasjonen som saman med næringssjef vil disponere midlane til å styrke reiselivet i Kvinnherad. Midlane skal nyttas til ulike marknadsføringstiltak, enten allereie påbegynte eller nye. Dette for å styrke Kvinnherad som reiselivsdestinasjon sommaren 2020, men og langsiktige tiltak som har til hensikt å utvikle Kvinnherad som heilårsdestinasjon skal vektleggast. Midlane kan støtte samarbeidsprosjekt med eksterne aktørar om dette er innanfor intensjonen med midlane. Kommunedirektøren har sett det som viktig at midlane vert disponert i hovudsak i forkant av sommarsesongen.

Det skal rapporterast til formannskapet om disponering av midlane i første møte haust 2020. Aktørane som får tilskot i samband med desse midlane må rapportere inn til næringssjefen om bruk av midlane innan 1.11.20. På bakgrunn av dette vert ein rapport laga til formannskapet til deira møtet innan utgangen av 2020.

Saksutgreiing

Det blei i kommunestyremøte 14.05.20 sett av kr 500.000 til marknadsføringstiltak for bedrifter innan reiseliv. Midlane er tenkt som strakstiltak for å hjelpe næringa. I formannskapet 20.05 blei det løyvd kr 100.000 til Visit Rosendal og kr 150.000 til Folgefonnsenteret/Turistinformasjon. Sidan møte er det annonsert om støtta i lokalaviser og vi har og fått brei omtale av ordninga. Søknadsfrist var sett til 1. juni. Det er no komen inn 5 søknader. Det er positivt og gledeleg at vi har fått inn såpass mange søknader frå heile kommunen.

Søknader	Søkesum	Innstilling
Husnes vekst/Husnes grendalag	150 000	25 000
Sæbøvik Hamn m.fleire	50 000	25 000
Visit Rosendal	100 000	25 000
Uskedal utvikling	100 000	25 000
Halsnøy Historiske senter	100 000	0
Totalt		100 000

Meir om kvar enkelt søknad

Visit Rosendal

Eit samarbeid mellom 15 ulike reiselivsaktørar med utgangspunkt i Rosendal og omland, i praksis mellom Fjellhaugen og Mauranger. Har saman med Norrøna-Hvitserk sydd saman ein pakketur til området. <https://hvitserk.norrøna.com/no/vestlandet/aktivitetshelg-i-rosendal/>. Turen er i samarbeid med Kvinnherad Turistinformasjon (leige av sykklar og båtar i Myrdal) Jostein Nerhus, garn, fiske, Folgefonna Breførarlag, Turisthotellet og Visit Rosendal. I tillegg får dei besøk av bloggaren Kristin Gjelsvik som vil profilere Visit Rosendal på alle sine plattformer. VisitRosendal fekk støtte 20.05, men blir i denne omgang ytterlegare tilgodesett med midlar for profilering av aktivitetar som inneberer utviding av driftssesong. Pakketilboda som dei no utviklar er etterspurte i marknaden, og er det som gjerne må til for å tiltrekke seg turistar heile året.

Husnes vekst og Husnes og omegn grendalag.

Søker om midlar til å marknadsføre Husnesregionen via nett/brosjyrar. Husnes Båthamn har fått fleire kåringar som den beste i landet. Ein ønskjer å profilere aktivitetstilbod som gjester i båthamna kan delta på, blant anna Postvegen, turområde i Kaldestadåsen, Bogsnesåsen, Opsangervannet, Breimstølen og fleire. I tillegg har ein mange fine badeplassar og Golfbane. For handelsnæringa på Husnes er det viktig å tiltrekke seg turister som brukar området, det er hotell og fleire serveringsstader på staden som treng aktivitet i sommarmånadane.

Halsnøy Historiske senter

Søker om midlar til å profilere senteret om skipsbygging og skipsfart på Halsnøy. Det er gjort eit omfattande arbeid for å dokumentere historia og kommunen vil ta initiativ til eit møte der vi forsøker å få i gang eit samarbeid om digital kulturformidling. Innstiller på kr 0 i søknaden, men vi vil gjerne støtte arbeidet i eit meir langsiktig perspektiv.

Uskedalen utvikling

Søker om midlar til profilering av reiseliv i bygda på nettsida uskedalen.no. Nettsida bygger på teknologi frå oppstarten i 2006 og treng oppgradering som støttar og samspelar med dagens teknologi og moglegheiter. I Uskedalen er det campingplasser, båthamner, Bubilparkering, Solheim turiststasjon og Dønhaug gjestegard som alle treng eit aktivt reiseliv. Klatrefjellet Ulvanoso og Festidalen er populære aktivitetar i bygda.

Halsnøy Senterforening/Sæbøvik Hamn mfl.

Halsnøy har dei siste åra gjort store investeringar i ny og moderne båthamn samlokalisert med bubilparkering i sentrum. iBanken har gjestekontor for dei som ønskjer å kombinere ferie og arbeid. Nye turstiar er under utvikling og det er mange kulturattraksjonar på øya. Søker om midlar til profilering på sosiale medium, i havneguider og ei ny turistbrosjyre.

Det er positivt at vi får fram reisemål over heile kommunen slik at vi unngår at alle samlar seg på ein plass med dei utfordringar det skaper med tanke på trafikkavvikling, parkering og smittevern m.m.

Det er og viktig at handelsnæringa i Rosendal, Husnes, Uskedalen og Sæbøvik får drahjelp i denne tida, marknadsføring av tilbod og aktivitetar vil sannsynlegvis stimulere til auka besøk og handel. I tillegg vil oppdatert informasjon om aktivitetar og besøksmål i heile kommune kunne leggest opp som linkar under Kvinnherad turistinformatjon.

Økonomisk konsekvens

Kr 1 mill er overført frå disposisjonsfondet til formannskapetets disposisjonskonto og kr 500.000 av desse er øyremerkte til marknadsføringstiltak til reiselivsnæringa. Ref. sak nr 2020/1270-1. Budsjettrevisjon. Kr 250.000 vart utdelt i formannskapsmøte 20.05. Restbeløp til utdeling kr 250.000.

Miljømessig konsekvens:

Ikkje vurdert

Vedlegg

1

Søknader marknadsføringstiltak reiseliv

